

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Telefonmøte

Dato: 04.07.2019

Tidspunkt: 13:00 – 14:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Per Magnus Berdal	Leder	
Bjarne Eiof Holø	Nestleder	
Marit Nauste	Medlem	
Elias Sperstad	Medlem	
Kjersti Bjørnstad	Medlem	
Jo Trygve Lyngved	Medlem	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Magnhild Vik	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	

Merknader

Det vart ikkje kalla inn vara for Mariann Skotte og Magnhild Vik.
Svein Blankenborg møtte ikkje.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Kristine Sørлие	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Kjersti Bjørnstad
Sign.

Per Magnus Berdal
Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 24/2019	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 25/2019	Referatsaker		
	Finndalen lvo - rydding av vegetasjon i det gamle Finndalsråke forbi Øygaardsetra på Vangen - Rolv Kristen Øygaard		2019/13399
	Søknad - Ottadalen LVO - Landing med helikopter - Undersøking av landets vassressursar - NIVA		2019/13012
ST 26/2019	Delegerte saker		
DS 26/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Landing med helikopter ved Ryggehøtjønne- Undersøking av landets vassressursar - NIVA		2019/12513
DS 27/2019	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Landing med helikopter ved Kråkenesvatna og Ulvådalsvatnet - Undersøking av landets vassressursar - NIVA		2019/12513
ST 27/2019	Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen - Torild Rudsar		2018/702
ST 28/2019	Eventuelt		

ST 24/2019 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 04.07.2019

Det kom inn uttale til utvalssak 27/19 frå Kulturarvenheten i Oppland fylkeskommune, på e-post 04.07.19.

Vedtak

Ingen merknader til innkallinga.

Bjørnstad vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 25/2019 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 04.07.2019

Vedtak

Referatsakene vert teke til orientering.

**Finndalen lvo - rydding av vegetasjon i det gamle Finndalsråde forbi
Øygardsetra på Vangen - Rolv Kristen Øygaard**

**Søknad - Ottadalen LVO - Landing med helikopter - Undersøking av
landets vassressursar - NIVA**

ST 26/2019 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 04.07.2019

Vedtak

Delegerte saker vert teke til orientering.

**DS 26/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 -
Landing med helikopter ved Ryggehøtjønne- Undersøking av landets
vassressursar - NIVA 2019/12513**

**DS 27/2019 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 -
Landing med helikopter ved Kråkenesvatna og Ulvådalsvatnet -
Undersøking av landets vassressursar - NIVA 2019/12513**

ST 27/2019 Ottadalen LVO - Dispensasjon - Riving fiskebu oppføring ny hytte ved Honnsjøen - Torild Rudsar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 04.07.2019

Elias Sperstad foreslo å stryke pkt. 2 i vilkåra.

Ved røysting fall forslaget, da 2 stemde for å stryke pkt.2, og 4 stemde mot.

Det vart foreslått slik presisering i vedtak og vilkår pkt.6:

Det skal byggast på 5 m², i lengdetering, og i heile bygget si *eksisterande* breidde, for å unngå endring i byggets proporsjonar. Mønehøgde skal vera inntil 3,5 m.

Innstillinga frå forvaltar med tillegg i vilkår pkt.6, vart vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Torill Rudsar dispensasjon til å restaurere fiskebu (159/1/35) ved Honnsjøen, og utvide 5 m² i lengderetning og i heile bua si eksisterande breidde, for å dekke nødvendig uthusfunksjon og do.

Restaurering og utviding av fiskebua vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Fiskebua skal restaurerast på same tomt som den står på i dag.
2. Ved restaurering skal ein, så langt som rå, bruke om att mest mogleg av eksisterande reisverk/berekonstruksjon.
3. Fundamentet på fiskebua skal være enkel mur med naturstein.
4. Utvendig kledning skal vera ståande panel og vera ubehandla for naturleg gråning, alternativt påførast mørk brun farge.
5. Takmaterialet skal vera tre som på eksisterande bu.
6. Det skal byggast på 5 m², i lengdetering, og i heile bygget si eksisterande breidde, for å unngå endring i byggets proporsjonar. Mønehøgde skal vera inntil 3,5 m.
7. Etter restaurering og tilbygg, skal fiskebua ha eit utvendig areal på totalt 22 m².
8. Det skal settast inn 3 vindauge, som skissert i søknaden.
9. Do og uthusfunksjon skal løysast innafør det totale arealet på fiskebua, etter restaurering og påbygg. Det vert ikkje gjeve dispensasjon til oppføring av separat uthus/do.

Motorisert transport av byggematerialar skal avklarast nærare med nasjonalparkforvaltar, slik at transporten blir tilrettelagt for å unngå skade på terreng, eller medfører uroing av villrein i sårbare periodar av året. Transporten skal om mogleg samordnast med annan transport.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2022**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

ST 28/2019 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 04.07.2019

Besøksstrategi Reinheimen – høyring:

Innkomne uttale frå Norsk Tindesenter, Reinheimen-Breheimen Villreinutval og Skjåk Almenningsstyre.

Fylkesmannen i Innlandet, Norddal kommune og Vågå kommune har bede om utsetting av høyringsfrist.

Tiltak på innfallsport Billingen:

Arbeidsgruppa hadde møte 13.05 og synfaring 03.07.09.

Tilbod på trykk og skilt frå DMT AS design-media-trykk, på følgjande:

Verneområdeplakat (Reinheimen og Breheimen), temaplakat villrein, vegvisningsskilt i Diktarstig og Kulturstig (9 stk.), 7 temaplakatar kulturstig og 1 portalskilt i kortenstål ved parkering.

Pris: kr. 37.000,-

Stativ og fundamentering/montering kjem i tillegg.

Vedtak

Informasjon om besøksstrategi og tiltak på Billingen vert teke til orientering.